

Referat frå årsmøtet i Valdres Historielag og i Valdres Bygdeboknemnd den 6. mai 2023

Det var 18 stk. møtt fram. Leiar Jorunn W Steinsvoll opna møtet og ynskte velkomen. Årsmøtet godkjende innkalling og saklista. Leiar vart vald til å leie møtet. Gunnar Hauge til referent. Han las årsmeldinga for 2022. Denne vart godkjend utan merknad. Kasaserar Tore Hovda refererte så rekneskapen. Sluttsummen viste eit underskot for året på kr 73 595, som er ei auke på 10 000 frå i fjor. Den reviderte rekneskapen vart godkjend utan merknad. Like eins budsjettet for 2023.

Val: ved leiaren i valnemnda Nils Rogn.

I styret ynskte Jorunn W Steinsvoll ikkje attval. Toril Grønbrekk vart vald inn ny. Ivar Aars i styret, som skriftstyrar går ut. Ny skriftstyrar og også styremedlem Nils Rogn. Gunnar Hauge går ut. Ny styre medlem frå V. Slidre blir Ingebjørg Moe. Kasserar Tore Hovda attvald. Likeeins styremedlem Tove Grethe Kolstad, Jon Bratrud og Arne Erik Fønhus.

Varamedlemmer: Anne Marit Framnes attvald , ny Ole Listrudbakken.

Revisor Håkon Einar Berge attvald, det same materialforvaltar Anne Marit Framnes.

Leiar i Valdres Bygdeboknemnd Ivar Aars vart attvald.

Valnemnd: Arild Haglund, Odd Arne Rudi og Berit Nefstad.

Om samarbeidet med lokallaga:

Kanskje må vi bruke erfaringane frå dette året og sjå på betre samarbeidsformer. Ein meir direkte representasjon til styret i Valdres Historielag frå frå lokalaga vart nemnd. Forslag om at honorar til leiar og sekretær blir på kr 2000 pr. år. Skriftstyrar og ansvarleg for heimesida skal godtgjerast etter nærare avtale.

Framtida til årboka: Møtet meiner at årboka har ei framtid for seg, men i ei noko endra form. Det kom fleire innspel om retningar. Det må bli opp til det nye styret og skriftstyraren å bestemme. Trykkinga av årboka i år går til Balto, eit trykkeri i Litauen som er rimelegare på pris. Men det kan sjekkast om Interface som vi no brukar kan matche prisen.

Å erstatte skriftstyret som er no med eit mindre organ, f. eks. ei redaksjonsnemnd er det absolutt stemming for. Namnet på organet får ein avgjera seinare.

Det nye styret må leggje opp kursen og strukturen, og sjå på behovet for å endre vedtektene.

Årsmøtet i Valdres Bygdeboknemnd

Leiaren Ivar Aars leia møtet og la fram årsmeldinga, som vart einstemmig godkjend. Tore Hovda refererte rekneskapen, denne vart også godkjend utan merknad.

Styret i Valdres Bygdeboknemnd er identisk med styret i Valdres Historielag, med unntak av leiar som er Ivar Aars. Nestleiar er leiaren i Valdres Historieleg.

Ingun Kompen, Ingebjørg Moe, Odd Kolbjørnshus, Ivar Aars, Gunvor Høgden Heen, Tore Hovda, Solveig Voldhaug, Berit Nefstad, Arne Nefstad, Asta Karin Kampen, Gunnar Hauge, Jorunn W Steinsvoll, Anne Marit Framnes, Nils Rogn (+ to underskrifter som er utolka)